

## Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 13.10.2021

Trude Brosvik (Krf) sette på vegner av rådet fram slikt forslag:

«Alternativ:

Likestilling av skriftspråka, også teiknspråk, punktskrift og supplerande kommunikasjon (ASK) er påkrevd. Her må ein kanskje vere endå tydlegare på at tilboda skal føreligge samtidig. Og uten lange søknadsprosessar / ventetid for dei som treng tekniske hjelpemiddel. RMNF meiner tilboden om lydbøker pr. i dag er for dårlig og bør vere standard hjelpemiddel for dei som treng det.

RMNF meiner tilboden om opplæring for asylsøkarar må gjelde til vedkomande blir sendt ut av landet, og ikkje berre til avslag er gitt. (§5-9)

§11, som gjeld personleg assistanse, fysisk tilrettelegging og tekniske hjelpemiddel er svært viktig for menneske med nedsett funksjonsevne. (Desse rettane gjeld også for vaksenopplæringa)

I §12-7 er det fysiske miljøet omtala. Her meiner RMNF kravet for tilrettelegging er for vagt når det gjeld bygg som allereie er bygt.

§14-2 peikar på det RMNF ved fleire høve har vore oppteken av; retten for alle å høyre til i ein klasse og til å utvikle sosial samkjensle. Og at det berre i særskilde og avgrensa deler av opplæringa er lov å bruke eigne grupper utifra fagleg nivå.

Lova må sikre god kunnskapsoverføring om den enkelte elev sitt behov frå grunnskule til vidaregåande opplæring (både offentleg og privat).

Det er viktig at PP-tenesta og opplæringskontor har tett kontakt, og at det er opplæringskontoret som ivaretar vidare kontakt mot arbeidslivet.

RMNF meiner at omgrepene "universell opplæring" gjer at omgrepene "tilpassa opplæring" mistar mål og innhald. Vi er redd "universell opplæring" vil svekke eleven sine krav til individuell tilrettelagt opplæring, både når det gjeld å avdekke behov og sikre tiltak.

I forhold til dysleksi, ynskjer vi at premissa til dysleksivenleg skule leggjast til grunn for å identifisere behov, tiltak og sikre både individuelle og generelle tiltak.

Ved innføring av større lokalstyring, som vi meiner kan vere positivt, er det særleg viktig å ha eit system som er ope og sikrar rettane til brukarane.»

### Avrøysting

Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Uttale frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Likestilling av skriftspråka, også teiknspråk, punktskrift og supplerande kommunikasjon (ASK) er påkrevd. Her må ein kanskje vere endå tydlegare på at tilboda skal føreligge samtidig. Og utan lange søknadsprosessar / ventetid for dei som treng tekniske hjelpemiddel. RMNF meiner tilboden om lydbøker pr. i dag er for dårlig og bør vere standard hjelpemiddel for dei som treng det.

RMNF meiner tilboden om opplæring for asylsøkarar må gjelde til vedkomande blir sendt ut av landet, og ikkje berre til avslag er gitt. (§5-9)

§11, som gjeld personleg assistanse, fysisk tilrettelegging og tekniske hjelpemiddel er svært viktig for menneske med nedsett funksjonsevne. (Desse rettane gjeld også for vaksenopplæringa)

I §12-7 er det fysiske miljøet omtala. Her meiner RMNF kravet for tilrettelegging er for vagt når det gjeld bygg som allereie er bygt.

§14-2 peikar på det RMNF ved fleire høve har vore oppteken av; retten for alle å høyre til i ein klasse og til å utvikle sosial samkjensle. Og at det berre i særskilde og avgrensa deler av opplæringa er lov å bruke eigne grupper utifrå fagleg nivå.

Lova må sikre god kunnskapsoverføring om den enkelte elev sitt behov frå grunnskule til vidaregåande opplæring (både offentleg og privat).

Det er viktig at PP-tenesta og opplæringskontor har tett kontakt, og at det er opplæringskontoret som ivaretar vidare kontakt mot arbeidslivet.

RMNF meiner at omgrepet «universell opplæring» gjer at omgrepet «tilpassa opplæring» mistar mål og innhold. Vi er redd «universell opplæring» vil svekke eleven sine krav til individuell tilrettelagt opplæring, både når det gjeld å avdekke behov og sikre tiltak.

I forhold til dysleksi, ynskjer vi at premissa til dysleksivenleg skule leggjast til grunn for å identifisere behov, tiltak og sikre både individuelle og generelle tiltak.

Ved innføring av større lokalstyring, som vi meiner kan vere positivt, er det særleg viktig å ha eit system som er ope og sikrar rettane til brukarane.